

INNOVASJON I HELSE FØRDE
STATUSRAPPORT JUNI 2022
FAG – OG UTVIKLINGSAVDELINGA
SEKSJON FOR FORSKING OG INNOVASJON

Innovasjon

HELSE FØRDE



Innhold

1.0. Innleiing.....	3
2.0. Ressursbruk innovasjon	4
3.0. Innovasjonsmidlar for 2022 - innvilga søknadar	5
4.0 Møteplassar og kommunikasjon	7
4.1. Helseinnovasjonskonferansen	7
4.2. Tekprat	8
4.3. Kommunikasjonsarbeid.....	8
5.0. Næringslivssamarbeid	9
6.0 Andre utvalde innovasjonsprosjekt	10
7.0 Kvalitetssystem for innovasjon	12
1.0. Innleiing.....	3
2.0. Ressursbruk innovasjon	4
3.0. Innovasjonsmidlar for 2022 - innvilga søknadar	5
4.0 Møteplassar og kommunikasjon	7
4.1. Helseinnovasjonskonferansen	7
4.2. Tekprat	8
4.3. Kommunikasjonsarbeid.....	8
5.0. Næringslivssamarbeid	9
6.0 Andre utvalde innovasjonsprosjekt	10
7.0 Kvalitetssystem for innovasjon	12

1.0. Innleiing

Vedlagde statusrapport gir oversyn over nokre sentrale område der Helse Førde har arbeidd aktivt det siste halvåret på innovasjonsfeltet. Rapporten gir ikkje fullt innsyn i innovasjonsaktiviteten til den store organisasjonen som Helse Førde er, men gir eit innblikk i nokre sentrale element.

Innovasjonsaktiviteten i HFD har auka dei seinare åra, noko som også viser att i søknadsaktivitet og tildelte prosjektmidlar frå interne og eksterne kjelder.

Forskning og innovasjon inngår i eit av tre hovudmål i styringsdokumentet til Helse Førde for 2022.

“Helseføretaka skal innrette verksemda si med sikte på å nå følgande hovudmål:

1. Styrke psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling
2. **Styrke forskning, innovasjon og kompetanse og forbetre kvalitet og pasienttryggleik**
3. Rask tilgang til helsetenester og samanhengande pasientforløp”

Det står nærare om Forsking og innovasjon:

«Eit helsetilbod i verdensklasse blir utvikla gjennom forskning og innovasjon i samarbeid med fagmiljø i næringslivet og akademia nasjonalt og internasjonalt. Auka bruk av helsedata i helseforskning skal leggest vekt på og det skal stimulerast til kliniske studiar, helsetenesteforskning, forskingsbaserte kvalitetsforbetringsprosjekt, innovasjon og næringslivssamarbeid. Offentleg finansiert forskning skal gjerast tilgjengeleg og resultat frå studiar skal rapporterast. I Nasjonal handlingsplan for kliniske studiar er det uttrykt at klinisk forskning skal vere ein integrert del av all klinisk praksis og pasientbehandling. Oversikt over aktive kliniske studiar på helsenorge.no skal vere oppdatert og gi god informasjon til helsepersonell og pasientar.»

Helse Vest RHF ber helseføretaka om å:

- nytte innovative offentlege innkjøp der dette er relevant
- nytte den nasjonale kompetansenesta frå InnoMed i tenesteinnovasjonsprosjekt når dette er relevant
- nytte idémottaket til å registrere innovasjonsprosjekt
- rapportere på indikatorar for innovasjonsaktivitet- og nytte

Oppfølging av styringsdokumentet:

Helse Vest RHF er frå 2022 strategisk partner i Nasjonalt Leverandørutviklingsprogram (LUP). Målet er å auke helseføretaka sin kompetanse om innovative offentlege anskaffingar og styrke helseføretaka si rolle som strategisk innkjøpar. Helse Førde ønskjer å dra nytte av partnerskapen, og vil delta i opplæringsprogram i regi av LUP. På sikt vil dette kunne styrke føretaket sin kompetanse på offentlege innovative anskaffingar.

Helse Førde har p.t nytta InnoMed sine tenester i samband med implementering av Pust Deg Bedre i primærhelsetenesta. Sjå lenger nede i rapporten for meir informasjon rundt dette.

Helse Førde nyttar Idemottaket til å registrere idear og større innovasjonsprosjekt. Per no er det 53 aktive idear. Dei fleste ideane er i fase 1 som betyr at ideen er registrert, men det er også nokre prosjekt som har gått over fleire år og kome lenger i utviklingsprosessen til pilotering og implementering.

Innovasjonsindikatoren består av to komponentar: aktivitet og nytte.


Aktivitetskomponenten angir kor mange innovasjonsprosjekt helseføretaket arbeidar med i de ulike innovasjonsfasane; i) idémottak, ii) forprosjekt, iii) pilot, iv) implementering og v) spredning. Prosjekt som er i fase fire eller fem (implementering og spredning) kan meldast inn til ei felles fagfellelvurdering nasjonalt. Basert på den nasjonale fagfellelvurderinga vert det gitt nyttepoeng.

Poenga i innovasjonsindikatoren svingar frå år til år, og ein skal vere varsam med å legge for mykje i tala. På sikt er målet nasjonalt å ha ein indikator som gir meir presise mål på innovasjonsaktiviteten i føretaka. Helse Førde sin indikator for 2021 var 4 poeng.

2.0. Ressursbruk innovasjon

Helse Førde rapporterer annakvart år til SSB på ressursbruk knytt til forskning og utvikling. Ut frå tala rapportert for 2021 har vi trekt ut ressursbruk som kan knytast direkte til innovasjonsarbeidet i Helse Førde, sjølv om dette ikkje er noko den nasjonale statistikken etterspør. Figur 1 viser korleis ressursbruken fordelt seg innan stabsområde, medisinsk klinikk, kirurgisk klinikk og psykisk helsevern. Ressursbruken omfattar både eigeninnsats til den enkelte eining, midlar frå internt utlyste innovasjonsmidlar og eksterne midlar. Tala inkluderer løn, sosiale og indirekte kostnader for tilsette som driv innovasjonsarbeid samt driftskostnadar.

Sidan stabsområde har fleire dedikerte ressursar som arbeider med innovasjon i seksjon for forskning og innovasjon, vert ressursbruken relativt høg samanlikna med klinikkane. Den samla ressursbruken i 2021 var 0,23 % av budsjettet til Helse Førde. I strategi for forskning og innovasjon 2020-2025 er målet at innan 2025 skal ein bruke 0,3% av det samla budsjettet i Helse Førde til innovasjon. HFD er såleis godt i rute til å nå det målet.



Figur 1. Ressursbruk til innovasjon i HFD i 2021 fordelt per klinikk. Inkluderer løn, sosiale og indirekte kostnader samt driftskostnadar.

3.0. Innovasjonsmidlar for 2022 - innvilga søknadar

Interne innovasjonsmidlar

Som eit ledd i opptrappinga av ressursbruken knytt til forskning og innovasjon, vart det lyst ut interne innovasjonsmidlar i Helse Førde for 2022. Det kom inn totalt sju søknadar, og det var ein kombinasjon av nye og pågåande prosjekt. Søkjarane har ulik fagbakgrunn og kjem frå ulike klinikkar. Vurderingskomitéen var sett saman av personar med innovasjonskompetanse frå andre helseføretak, ein representant frå Kunnskapsparken Vestland og interne medlemmar. Ein pitch der søkjarane presenterte prosjekta sine inngår som del av vurderingsgrunnlaget. Fire av prosjekta fekk tildelt midlar, to nye og to pågåande prosjekt. Alle støtteverdige prosjekt fekk tildeling, samla sum tildelt er kr. 500 000. Tabell 1 gjev oversikt over tildelte prosjekt.

Namn på prosjekt	Prosjektleder	Klinikk	Avdeling
Implementering av Pust Deg Bedre i primærhelsetenesta.	Elin Johnsen	Medisinsk	Samhandling og tverrprofesjonelle tenester
Rehabilitering med nye auge – utvikling av VR som fast del av tilbodet i avdelinga.	Jeanette Svarstad	Medisinsk	Samhandling og tverrprofesjonelle tenester
Bruk av smartbriller til service og reparasjon av medisinsk utstyr.	Per Arne Flølo	Drift og eigedom	Medisinsk teknisk avdeling
Digital dytt - eit verktøy for aktiv klinisk refleksjon i møtet mellom brukar og behandlar.	Eli Natvik	Stab	Fag- og utviklingsavdelinga

Tabell 1. Oversikt over tildelte prosjekt frå HFD sine interne innovasjonsmidlar.


Eksterne søknadar

Helse Førde sende inn ein søknad til Helse Vest si utlysing på innovasjonsmidlar for 2022, og fekk tilslag på denne. Prosjektet «Universelt pasientgrensesnitt» fekk tildelt 1,2 millionar kroner. Prosjektet, som er leia av Christian Moltu, PHV, har som mål å utvikle eit nyskapande pasientgrensesnitt for datadrivne klinisk praksis. Grensesnittet er ei vidareutvikling av arkitekturen som ligg til grunn for innovasjonane Norse Feedback og Norse DataCap. Dialog med Sjukehusinnkjøp HF omkring intensjonskunnngjering pågår.

Utviklingstrekk i søknadar og tildelte midlar

Kva einingar søknadane kjem frå, varierer frå år til år. Når ein ser tildelingane over ein lengre tidsperiode, er det ei breidde både i kva eining søkjar tilhøyrer og kva fagbakgrunn dei som søker midlar her har. Tabell 2 viser tal tildelte søknadar i denne perioden fordelt mellom klinikkane. Som tabellen

Tabell 2: Innvilga innovasjonssøknadar 2015-2022 frå interne og eksterne kjelder, fordelt mellom klinikkane



viser, har alle klinikkar og stabsområdet fått tildelt prosjektmidlar. Nokre søknadar er samarbeid mellom to eller fleire einingar i HFD, og i desse høva er søknadane registrerte i den klinikken prosjektleiar er tilsett.

Figur 1 viser utvikling i prosjektmidlar frå ulike kjelder i perioden 2015 - mai 2022. Helse Vest var ei svært viktig kjelde i starten på satsinga på innovasjon i Helse Førde, og etter kvart har ein også greidd å fylle på med både interne midlar og midlar frå andre eksterne kjelder, t.d. Norges Forskningsråd og Stiftelsen Dam. Midlane er oppført på det året søknaden vart innvilga. Nokre tildelingar kan takast ut over noko lengre tid. Eigenfinansiering framgår ikkje av oversikten.



Figur 1. Oversikt over tildelte prosjektmidlar i kroner til innovasjon i perioden 2015 - mai 2022, frå interne utlysingar, Helse Vest (HV) og andre eksterne kjelder.

Interne midlar til utlysing årleg er eit viktig tiltak for å få gang fleire prosjekt og for støtte til pågåande prosjekt. Å ha midlar tilgjengeleg til eigenfinansiering til prosjekt som søker eksterne midlar der eigenfinansiering er eit krav, styrkjer moglegheitane til framdrift i prosjektet.

4.0 Møteplassar og kommunikasjon

4.1. Helseinnovasjonskonferansen

[Helseinnovasjonskonferansen 2022](#) vart gjennomført digitalt 2.-3. februar.

Konferansen vart i år arrangert for tredje gong. Nær 500 personar frå heile landet, fordelt mellom ulike sektorar, deltok. 55 verksemder hadde stand, og det vart booka omlag 100 møter mellom deltakande på konferansen. E-helse Vestland var hovudarrangør saman med HFD. Medarrangørar var Norwegian Smart Care Cluster, Høgskulen på Vestlandet, NHO, Innovasjon Norge, Sunnfjord Utvikling, Kunnskapsparken Vestland, KS og Norges Forskningsråd.



Eit utdrag av føredragshaldarane ved Helseinnovasjonskonferansen 2.-3. februar 2022.

Helseinnovasjonskonferansen bidreg til å gje Helse Førde eit godt omdøme innan innovasjonsfeltet nasjonalt og er ei god plattform for å fronte innovasjonsverksemda i eige helseføretak. I tillegg er det ein arena for å knyte nye kontaktar og samarbeidsrelasjonar som kan legge grunnlag for framtidig samarbeid.

Med bakgrunn i dei gode erfaringane med stor oppslutnad av både bedrifter og deltakarar, vil Helseinnovasjonskonferansen også i 2023 bli gjennomført digitalt. Dato for konferansen vert 1.-2. februar 2023.

4.2. Tekprat



Helse Førde har over fleire år samarbeidd med Helse Vest IKT, HVL og andre om å arrangere Tekprat i Førde. TekPRAT er ein tverrfagleg møteplass der ein legg til rette for at klinikarar, forskarar, teknologar og næringslivsaktørarar med ei felles interesse for teknologi møtast. Føremålet er å fremme tverrfagleg og tverrorganisatorisk innovasjon og forskning innan helseteknologi.

[Tekprat i Førde](#) 11. mai hadde tema VR-basert simulering, og gav eit innblikk i kva ein kan bruke VR teknologi til. Det var innlegg både frå HFD og eksterne partar. Av interne innlegg vart det

presentert bruk av VR i rehabilitering av hjerneslagpasientar, og bruk av VR til praktisk brannvernøving. Dette viser noko av spennet i kva VR kan ha av verdi for sjukehuset.

4.3. Kommunikasjonsarbeid

I arbeidet med å byggje ein god kultur for innovasjon i Helse Førde er kommunikasjon eit sentralt verktøy for at tilsette skal få meir kjennskap til arbeidet i denne seksjonen slik at vi kan nå ut til fleire framtidige idéhavarar. Dei gode døma på innovasjonsprosjekt vert formidla gjennom fleire kanalar:

- Intranettet til Helse Førde
- Helse Førde si nettside
- Helseforskning.no (som vi har saman med HVL i Førde)
- Helseinnovasjonskonferansen.no
- Sosiale medier: LinkedIn og facebook

Eit magasin er under utarbeiding og vil vere klart hausten 2022. Magasinet vil ligge på venterom og spreiaast til alle avdelingar. Målgruppa er tilsette, pasientar og pårørande, og interessentar i vår nærregion.

Podcast: Under Forskingsdagane 2021 vart det spelt inn ein podcast om kliniske studiar innan kreft – «Krig i kroppen». Vi fekk gode tilbakemeldingar, og har som målsetjing å spele inn fleire podcast frå hausten.

5.0. Næringslivssamarbeid

Helse Førde har fleire pågåande innovasjonssamarbeid med næringslivsaktørar.

Partly

I mai hadde vi eit 2 dagers besøk av firmaet Partly frå Høyanger, som spesialiserer seg innan 3D-printing. Helse Førde har tidlegare gjennomført eit forprosjekt med dei, der ergoterapeutar har utvikla fingerortosar i samarbeid med firmaet, og testa desse ut på utvalde pasientar. No har Partly fått marknadsavklaringsmidlar frå Innovasjon Norge, og ønskjer saman med Helse Førde å sjå på kva andre moglegheiter for 3D-printing som finst innan helsesektoren. Vi inviterte klinikarar og andre til temalunsj slik at Partly kunne fortelje om teknologien, og tilsette kunne bidra med idéar.



Safe storage



Helse Førde har nyleg signert ein intensjonsavtale med Safe Storage AS for i fellesskap utvikle nye berekraftige lager- og oppbevaringsløyningar for bruk i helsesektoren. Safe Storage AS er ei knoppskyting frå Retrams AS. Retrams har tidlegare hatt eit pilotprosjekt i samarbeid med medisinsk avdeling i Helse Førde for testing av eit digitalt skap for oppbevaring av narkotikapreparat.

Medisinsk avdeling ønskjer i samarbeid med Safe Storage AS no å sjå på fleire løyningar som vil kunne forbetre dagens arbeidsprosessar. Prosjektet har fått innvilga kr. 200 000 i såkornmidlar frå Helse Vest, og har som mål å sikre tryggare handtering, oppbevaring og kontroll av narkotiske og vanedannande middel ved dei medisinske sengepostane.

Norse Datacap

Helse Førde har i samarbeid med Norse Feedback AS utvikla eit digitalt datainnsamlingssystem, Norse DataCap. Norse DataCap er ei sikker og fleksibel løyning for å utvikle og administrere datainnsamling via nett, og kan nyttast til datainnsamling i både små og store forskings-, innovasjons- og kvalitetsprosjekt. Innsamlinga kan skje via PC, nettbrett og/eller mobil, og kan samle inn sensitive personopplysningar for eksport til lagringsstad i tråd med regelverket.

Norse DataCap er no etablert som ein del av den digitale verktøykassa til tilsette ved Helse Førde. Tenesta er drifta av Norse Feedback AS og er tilgjengeleg gjennom nettlesaren. To systemoperatørar ved seksjon for FOI har ansvar for tilgangsstyring og revisjon av data i systemet. Det er laga ei eiga nettside for tenesta under Helseforskning Sogn og Fjordane sine nettsider ([Norse DataCap - Helseforskning Sogn og Fjordane](#)), der prosjektleiarar i Helse Førde kan bestille tilgang til seg og sine prosjektmedarbeidarar, både interne og eksterne, og logge seg inn i tenesta.

6.0 Andre utvalde innovasjonsprosjekt

Pust Deg Bedre - får prosessretteleing frå Innomed

[Pust Deg Bedre](#) (PDB), eit digitalt fagverktøy for oppfølging av kronisk lungesjuka, får mykje positiv merksemd frå både pasientar, fysioterapeutar og anna helsepersonell. Produktet er allereie i bruk mange stader, både til behandling og utdanning.

Det mest krevjande i fasen innovasjonen er no, er å lage ein god plan og rettleiar for breidding og implementering i heile Noreg. PDB fekk i 2021 prosessrettleiing frå [InnoMed](#) til å kartlegge behova i kommunane. Arbeidet var gjennomført i samarbeid med tre pilotkommunar (Fjaler, Sunnfjord og Kinn). Målet er å skape ein saumlaus overgang mellom tenestnivåa for pasientgruppa. InnoMed har også bidrege med kompetanse i arbeidet med å sjå på ulike alternative vegval for forvaltingsmodell for Pust Deg Bedre i framtida.

Vidare har Helse Bergen fått midlar til idéoverføring frå Helse Vest sine innovasjonsmidlar, og er no i gang med å utarbeide flytdiagram og ein prosessrettleiar for bruk av PDB-verktøyet i spesialisthelsetenesta.

Det er søkt InnoMed om meir timar til prosessrettleiing for å arbeide vidare med implementering og breidding av Pust Deg Bedre. [E-helse Vestland](#) vil vere ein viktig samarbeidspart vidare i arbeidet med å breidde og implementere PDB i Vest og bidra til å skape ein god og overførbar struktur til andre deler av landet. E-helse Vestland er eit stort fleirårig prosjekt eigd av kommunane i Vestland fylke. I ein av arbeidspakkane i E-helse Vestland samarbeider kommunane og helseføretaka i regionen om å innføre digital heimeoppfølging.

Stomi

Helse Førde fekk i 2021 innovasjonsmidlar frå Helse Vest til prosjektet Ostomy Adjustment System (OAS): ny tilpassing til å leve med stomi. OAS er eit klinisk tilbakemeldingssystem som skal gjere oppfølginga av stomipasientar betre og meir persontilpassa. Det har vore høg aktivitet i prosjektet våren 2022, og i mai var heile prosjektgruppa samla til seminar i Førde (bilete). Alle stomipoliklinikkane i Helse Vest er med i prosjektet, og ein versjon 2 av tilbakemeldingssystemet er utvikla. Frå 1.september skal OAS vere i full ordinær drift ved alle stomipoliklinikkar i Helse Vest. I tillegg til innovasjonsmidlar frå Helse Vest har ein også fått tildelt 3 millionar kroner til følgeforskning på implementeringa av OAS. Phd-kandidat startar opp hausten 2022.



Anafylaktisk skrin

Fagutviklingsjordmor Kjersti Grinde ved Kvinneklinikken oppdaga at medikament og utstyr til bruk ved anafylaktisk sjokk vart oppbevart i ulike typar skrin. Dette kan vere ein risiko i akuttsituasjonar. Ho starta eit utviklingsprosjekt der mange fagpersonar frå ulike avdelingar i HFD har deltatt; anestesi, ambulanse, med fleire. I tillegg har Sjukehusapoteka Vest deltatt. Skrinet har



vore gjennom fire forbettringsrunder. Det er no utforma eit produkt tilpassa brukarane sine behov: Eit standardisert skrin som både fungerer både til oppbevaring og til informasjon og opplæring. Helse Førde skal kjøpe inn skrinet til alle avdelingar i føretaket.

7.0 Kvalitetssystem for innovasjon

ABC for innovasjon, som er eit kvalitetssystem for medarbeidarar i alle klinikkane og og i stabsområde og som er involvert i innovasjonsprosjekt, nærmar seg ferdigstilling. Målet er å ha ein enkel vegvisar for tilsette frå alle deler av organisasjonen som har innovasjonsidear, og for dei som skal bistå og legge til rette for utvikling og vidareføring av innovasjonar.